



Arkivnr: 2017/17062-1

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

#### Utval

#### Møtedato

Fylkesutvalet	07.12.17
Fylestinget	12.12.17

## Eigarstrategi - overordna strategi for Hordaland fylkeskommunes eigarstyring

### Samandrag

I strategien som no ligg føre vert det foreslått overordna prinsipp for eigarstyring i Hordaland fylkeskommune. I tillegg ligg det retningslinjer for styremedlem som representerer Hordaland fylkeskommune og forslag til rutinar for administrativ oppfølging av eigarstyringa. Fylkesrådmannen tilrår at strategien vert vedteken.

**Økonomi:** Dei fleste selskap fylkeskommunen eig får tilskot, lånegarantiar eller anna form for økonomisk påverknad. I tillegg er alle aksjepostar balanseførde.

**Klima:** Nokre av selskapa har sitt føremål innanfor klimasektoren.

**Folkehelse:** Ikkje relevant utover at fylkeskommunale planar gjeld og kan få betydning.

**Regional planstrategi:** Fleire av selskapa har føremål som fell saman med og styrker regional utvikling.

### Forslag til innstilling:

1. Fylkestinget vedtek eigarstrategien slik den ligg føre.
2. Hordaland fylkeskommune skal legge dei 21 tilrådingane frå KS Eigarforum til grunn for si utøving av eigarstyringa.
3. Fylkesutvalet er Hordaland fylkeskommunes eigarutval og har endeleg avgjerd i saker som gjeld eigarskap, med unntak av eigarskapsmeldinga som skal fremjast for fylkestinget. Dette innarbeidast i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.
4. Når det veljast varamedlem til styrene i ulike selskap skal dei veljast numerisk og ikkje som personlege vara i dei høva det ikkje er vedtektsfesta i selskapet at varamedlem skal vere personlege. I selskap fylkeskommunen eig meir enn 50% skal det fremjast forslag til generalforsamling om vedtektsendring som gjer det mogleg å velje numeriske vara.
5. **Generalforsamlingar:**  
Det er fylkesordførar, fylkesvaraordførar eller den dei gjev fullmakt som deltek i generalforsamlinga som eigarrepresentant på vegner av Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet skal i byrjinga av kvart år handsame sak om eigarrepresentasjon i selskapas generalforsamlingar. Fortrinnsvis skal eigarrepresentantane veljast blant fylkesutvalets medlemmer, om ikkje fylkesordførar/fylkesvaraordførar kan møte. Eigarrepresentantane skal representere fylkeskommunen i rolla som eigar i generalforsamlingane. Hordaland fylkeskommune skal møte med eigarrepresentant i generalforsamlingar i alle selskap fylkeskommunen har eigardel i.
6. Fylkestinget vedtek malar for styreinstruks, styrets eigenevaluering og retningslinjer for valnemnder slik dei ligg føre.

7. Det skal utarbeidast eigarskapsmelding kvart år som vert handsama av fylkestinget. Eigarstrategien skal reviderast i samband med fyrste eigarskapsmelding i valperioden. Eigarskapsmeldinga kan vere forenkla, med unnatak av fyrste året i valperioden.
8. Retningsliner for styremedlem vald av Hordaland fylkeskommune gjeld alle verksemder, både selskap og stiftingar.
9. Stiftingar kor Hordaland fylkeskommune er representert i styret skal inkluderast i eigarskapsforvaltninga.
10. Hordaland fylkeskommune ber styrene i selskapa sette dato for generalforsamlinga så tidleg som mogleg og seinast 6 veker før generalforsamling skal haldast.
11. Fylkestinget ber fylkesutvalet som eigarutval vurdere på nytt i kva grad og på kva måte den nye fylkeskommunen skal vere medeigar/eigar i noverande selskap – før dette blir tema i fellesnemnda.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Fylkesrådmannen, 21.11.2017

## Bakgrunn

Fylkestinget handsama i møte 8.mars 2017 eigarskapsmelding 2017 PS 21/17.

Fylkesutvalet ba i si handsaming av saka om følgjande:

1. Fylkesutvalet ønskjer eit tydelegare oppsett av gruppering for dei ulike selskap/bedrifter fylkeskommunen har eigarskap i.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei tydeleggjering av kva rolle ein har som fylkeskommune inn i dei ulike selskap/bedrifter, heileigd eller medeigar i.

Det vil vere naturleg at arbeidsgruppa ser på alle oversendingsforslaga samla når dei har gjennomgang av saken.

Eigarskapsmelding 2017 dannar grunnlaget for vurderingane i arbeidsgruppa.

### Mål for politisk arbeidsgruppe fylkeskommunalt eigarskap

Politisk arbeidsgruppe skal bidra til det arbeidet om å nå fylkeskommunens regionalpolitiske mål knytt til utvikling av Hordaland-samfunnet ved å gå gjennom fylkeskommunens eigarskap i selskaper.

Politisk arbeidsgruppe for fylkeskommunalt eigarskap skal kome med ei tilråding når det gjeld dei overordna vurderingane knytt til den fylkeskommunale eigarskapen i selskap. Arbeidet skal munne ut i ei politisk sak som fremjast for fylkestinget.

### Arbeidsmåte

Politisk arbeidsgruppe har møte etter behov og så lenge gruppa finn det naudsynt. Arbeidet startast så snart gruppa er etablert, og vil jobbe fram eit forslag til fylkesrådmannen slik at det kan handsamast på fylkestinget i desember 2017. Tidlegare eigarskapsmeldingar, revisjonar og uttaler om eigarskapen legg grunnlaget for arbeidet. Gruppa kan og be om meir data og/eller uttaler som kan belyse eigarskapen.

### Aktuelle tema for politisk arbeidsgruppe

- Overordna prinsipp for fylkeskommunalt eigarskap
- Gjennomgang av eksisterande eigarskap
- Prinsipp for framtidige vurderingar av nye eigarskap, særleg knytt til eigarform, hensikt med eigarskap, finansielle og juridiske prinsipp, og strategiske vurderingar knytt til eigarskapens samanheng med samfunnsoppdraget til fylkeskommunen.
- Foreslå prinsipp for godtgjersler i selskap fylkeskommunen eig.

### Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i sak 90/2017 følgjande vedtak:

#### Vedtak

Ei arbeidsgruppe beståande av fylkesordføraren og gruppeleiarane i fylkestinget vert etablert.

Gruppa sitt mandat er å stå for ein heilskapleg gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi.

Leiar: Fylkesvaraordføraren

Administrasjonen stiller naudsynte sekretariatsfunksjonar tilgjengeleg for arbeidsgruppa, og vil sørge for innkalling og avvikling av møte.

Arbeidsgruppa sine framlegg vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd.

## Regionreform og eigarskap

Frå 1.1.2020 blir den nye fylkeskommunen ei ny juridisk eining som vil erstatte dagens fylkeskommunar. Dette vil få betydning for vidareføring av arbeidskontraktar, innkjøpskontraktar, eigarskap osv.

Det vil bli identifisert og sett i gang prosjektgrupper på fleire områder, for å kartlegge dagens aktivitet og komme opp med forslag til løysingar inn i ei felles administrativ organisering.

Det er aktuelt å nedsette ei prosjektgruppe for å gå gjennom dagens eigarskap i dei to fylkeskommunane, og foreslå opplegg for vidareføring eller ikkje etter 1.1. 2020. Konsekvensar for vedtekter, registrering osv. må inngå som ein del av eit vidareført opplegg. Ny eigarstrategi må utviklast etter 1.1.2020.

## Forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar

I kvar valperiode gjennomførast det fleire selskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar på eigarskapsområdet. Tilrådingar gjedd i ulike selskapskontrollar er tekne inn i arbeidet med denne strategien.

## Eigarskapsmelding 2017


Det skal utarbeidast eigarskapsmelding kvart år. Meldinga handsamast i fylkestinget etter innstilling frå eigarutvalet. Sist eigarskapsmeldinga vart vedteken var i mars 2017.

I tillegg til eigarskapsmelding kvart år vert det satt i gong arbeid med å gjennomgå kvart einskild selskap. Framdrifta for dette arbeidet er skissert under.

## Framdrift for gjennomgang av eigarskap og eigarstrategi i kvart einskild selskap:

Selskap	Kategori	Forventa handsaming	Ansvarleg
Sørvest Bomvegselskap AS	Samferdsel	Mars 2018	Beate Bergsholm
Innovasjon Norge AS	Næringsutvikling	Mars 2018	Mette Nora Sætre
Fjord Norge AS	Næringsutvikling	Mars 2018	Marta Rongved Dixon
Beredt AS	Arbeids- og inkluderingsbedrifter	Juni 2018	Hans Inge Gloppen
Hardanger AKS AS	Arbeids- og inkluderingsbedrifter	Juni 2018	Hans Inge Gloppen
Opero AS	Arbeids- og inkluderingsbedrifter	Juni 2018	Hans Inge Gloppen
Gløde AS	Arbeids- og inkluderingsbedrifter	Juni 2018	Hans Inge Gloppen
Kveik AS	Arbeids- og inkluderingsbedrifter	Juni 2018	Hans Inge Gloppen
Selskap knytt til kultursektoren	Kultur	Oktober 2018	Ronny Skaar
Sunnhordland Lufthavn AS	Samferdsel	Oktober 2018	Bjørn Inge Midtgård

Selskap knytt til opplæringssektoren	Opplæring	Oktober 2018	Birthe A. Haugen
Stiftingar	Alle	Desember 2018	Beate Bergsholm
Bybanen AS	Samferdsel	Desember 2018	Bjørn Inge Midtgård
Selskap knytt til klimasektoren	Klima og naturressurs	Desember 2018	Tale Halsær
Selskap knytt til næringssektoren		Mars 2019	Mette Nora Sætre
Øvrige selskap		Mars 2019	Beate Bergsholm



2017 - 2020

# Eigarstrategi

Hordaland fylkeskommune



## **OM RAPPORTEN**

Ansvarleg avdeling/eining:  
Kontaktinformasjon/ e-post:  
Dato/ev. versjonsnr.



# INNHALD

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>8</b>
1.1	Regionreform og eigarskap .....	8
1.1	Forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar .....	9
1.2	Eigarskapsmelding 2017 .....	9
<b>2</b>	<b>FORSLAG TIL INNSTILLING.....</b>	<b>9</b>
<b>3</b>	<b>LOVGRUNNLAG .....</b>	<b>10</b>
<b>4</b>	<b>GOD FOLKEVALD STYRING MED SELSKAPA .....</b>	<b>10</b>
<b>5</b>	<b>VURDERING AV GRUNNLAG FOR EIGARSKAP .....</b>	<b>11</b>
5.1	Føresetnader for god eigarstyring .....	11
5.2	Eigarform .....	12
5.3	Aksjeselskap .....	13
5.4	Interkommunale selskap .....	13
5.5	Andre selskapsformer .....	13
5.6	Stiftingar .....	14
5.7	Tilsyn og kontroll i stiftingar .....	15
<b>6</b>	<b>SÆRSKILTE REGLAR FOR OFFENTLEG EIDE SELSKAP .....</b>	<b>15</b>
6.1	Lovpålagte reglar for offentleg eigde selskap .....	15
6.2	Kommunelova .....	16
6.3	Reglane for offentlege innkjøp (Lov om offentlege anskaffingar) .....	16
<b>7</b>	<b>EIGARSTYRING .....</b>	<b>16</b>
7.1	Eigarpolitikk .....	16
7.2	Corporate governance – aksjelovane som ramme for næringsverksemd .....	17
7.3	Eigarstrategi .....	17
7.4	Rollar og rolleforståing .....	18
7.5	Eigarstrategien og eigarrolla .....	19
7.6	Styrets rolle .....	19
7.7	Styrets samansetning .....	20
7.8	Valnemnd.....	20
<b>8</b>	<b>PROSEDYRAR FOR OPPNEMNING AV STYREREPRESENTANTAR .....</b>	<b>21</b>
<b>9</b>	<b>GODTGJERING AV STYREVERV I FYLKESKOMMUNALE SELSKAP .....</b>	<b>23</b>
<b>10</b>	<b>GENERALFORSAMLINGAR .....</b>	<b>24</b>

10.1	Kven kan og skal møte på generalforsamlinga .....	25
10.2	Innkalling til generalforsamlinga.....	25
<b>11</b>	<b>VEDTEKTER FOR SELSKAPA .....</b>	<b>26</b>
<b>12</b>	<b>REGISTRERINGSPLIKT .....</b>	<b>27</b>
12.1	Einingsregisteret .....	27
12.2	Styrevervregisteret .....	27
<b>13</b>	<b>FYLKESADMINISTRASJONENS OPPGÅVER I EIGARSKAPSFORVALTNINGA .....</b>	<b>28</b>
13.2	Eigarskapsforum .....	29
13.3	Regional avdelinga – Næringsseksjonen.....	29
13.4	Selskapskontrollar og forvaltingsrevisjonar.....	30
13.5	Status for oppfølging av selskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar .....	30
13.6	Økonomi- og organisasjonsavdelinga.....	31
13.7	Fagavdelingane.....	31
<b>14</b>	<b>TILSYN OG KONTROLL.....</b>	<b>31</b>
<b>15</b>	<b>KS SINE 21 TILRÅDINGAR OM EIGARSTYRING, SELSKAPSLEIING OG KONTROLL.32</b>	
15.1	Obligatorisk opplæring av og informasjon til dei folkevalde .....	32
15.2	Vurdering og val av selskapsform .....	32
15.3	FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET .....	33
15.4	UTARBEIDELSE AV EIERSKAPSMELDINGER .....	33
15.5	UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSKONTROLLER.....	33
15.6	EIERMØTER .....	34
15.7	EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON.....	34
15.8	GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER .....	35
15.9	SAMMENSETNINGEN AV STYRET.....	35
15.10	VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER .....	35
15.11	KJØNNSMESSIG BALANSE I STYRENE .....	36
15.12	RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE.....	36
15.13	STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL.....	36
15.14	OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER .....	36
15.15	HABILITETSVURDERINGER .....	37
15.16	GODTGJØRING AV STYREVERV .....	37
15.17	REGISTRERING AV STYREVERV.....	37
15.18	ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER.....	38
15.19	UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER .....	38
15.20	SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK.....	38
15.21	UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL .....	38

<b>16</b>	<b>STRATEGIAR OG PRINSIPP FOR KORLEIS FYLKESKOMMUNEN SKAL UTØVE EIGARSKAP I ARBEIDSMARKNADSBEDRIFTENE .....</b>	<b>39</b>
16.1	NAV sitt ansvar i høve arbeidsmarknadsbedriftene.....	40
<b>17</b>	<b>SELSKAPSOVERSIKT .....</b>	<b>42</b>
	<b>BOMPENGESELSKAP .....</b>	<b>43</b>
	AS AUSTEVOLL BRUSELSKAP AS .....	43
	ASKØY BOMPENGESELSKAP AS.....	44
	BERGEN BOMPENGESELSKAP AS .....	45
	BERGEN-OS BOMPENGESELSKAP AS.....	45
	BØMLO VEGSELSKAP AS.....	46
	E134 HAUKELIVEGEN AS.....	47
	• FASTLANDSSAMBANDET HALSNØY AS .....	48
	HARDANGERBRUA AS .....	49
	• JONDALSTUNNELEN AS .....	49
	NORDHORDLANDSPAKKEN AS.....	50
	ODDA VEGFINANS AS .....	51
	SØRVEST BOMVEGSELSKAP AS .....	51
	VOSS OG OMLAND BOMPENGESELSKAP AS .....	52
	<b>ARBEIDSMARKNADSBEDRIFTER .....</b>	<b>53</b>
	BEREDT AS .....	53
	GLØDE AS.....	54
	HARDANGER AKS AS.....	55
	KVEIK AS.....	56
	OPERO AS.....	57
	<b>SELSKAP PÅ KULTURSEKTOREN .....</b>	<b>58</b>
	BIBLIOTEKSENTRALEN SA .....	58
	CARTE BLANCHE AS.....	59
	AS DEN NATIONALE SCENE.....	60
	GRIEGHALLEN IKS .....	61
	HORDALAND TEATER LL.....	62
	MOSTER AMFI OG KYRKJEHISTORISKE SENTER AS.....	63
	<b>NÆRINGSUTVIKLING OG SAMFUNNSUTVIKLING.....</b>	<b>63</b>
	ATHENO AS .....	63
	• FJORD NORGE AS .....	64
	GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING AS.....	65
	INNOVASJON NORGE AS.....	65
	SARSIA DEVELOPMENT AS.....	67

<b>VESTNORSK FILMSENTER AS .....</b>	<b>67</b>
<b>BYBANEN AS.....</b>	<b>68</b>
<b>HFK BUSSANLEGG AS.....</b>	<b>69</b>
<b>HFK TOMT KNARVIK AS.....</b>	<b>70</b>
<b>KOMMUNEKRAFT AS .....</b>	<b>70</b>
<b>• VALEN KRAFTVERK AS .....</b>	<b>71</b>
<b>VILVITE, BERGEN VITENSENTER AS .....</b>	<b>72</b>
<b>VIGO IKS.....</b>	<b>72</b>

# 1 Bakgrunn

Fylkestinget handsama i møte 8.mars 2017 eigarskapsmelding 2017 PS 21/17.

Fylkesutvalet ba i si handsaming av saka om følgjande:

1. Fylkesutvalet ønskjer eit tydelegare oppsett av gruppering for dei ulike selskap/bedrifter fylkeskommunen har eigarskap i.
2. Fylkesutvalet ønskjer ei tydeleggjering av kva rolle ein har som fylkeskommune inn i dei ulike selskap/bedrifter, heileigd eller medeigar i.

Det vil vere naturleg at arbeidsgruppa ser på alle oversendingsforslaga samla når dei har gjennomgang av saken.

Eigarskapsmelding 2017 dannar grunnlaget for vurderingane i arbeidsgruppa.

## **Mål for politisk arbeidsgruppe fylkeskommunalt eigarskap**

Politisk arbeidsgruppe skal bidra til det arbeidet om å nå fylkeskommunens regionalpolitiske mål knytt til utvikling av Hordaland-samfunnet ved å gå gjennom fylkeskommunens eigarskap i selskaper.

Politisk arbeidsgruppe for fylkeskommunalt eigarskap skal kome med ei tilråding til fylkesrådmannen når det gjeld dei overordna vurderingane knytt til den fylkeskommunale eigarskapen i selskap. Arbeidet skal munne ut i ei politisk sak som fremjast for fylkestinget.

## **Arbeidsmåte**

Politisk arbeidsgruppe har møte etter behov og så lenge gruppa finn det naudsynt. Arbeidet startast så snart gruppa er etablert, og vil jobbe fram eit forslag til fylkesrådmannen slik at det kan handsamast på fylkestinget i desember 2017. Tidlegare eigarskapsmeldingar, revisjonar og uttaler om eigarskapen legg grunnlaget for arbeidet. Gruppa kan og be om meir data og/eller uttaler som kan belyse eigarskapen.

## **Aktuelle tema for politisk arbeidsgruppe**

- Overordna prinsipp for fylkeskommunalt eigarskap
- Gjennomgang av eksisterande eigarskap
- Prinsipp for framtidige vurderingar av nye eigarskap, særleg knytt til eigarform, hensikt med eigarskap, finansielle og juridiske prinsipp, og strategiske vurderingar knytt til eigarskapens samanheng med samfunnsopdraget til fylkeskommunen.
- Foreslå prinsipp for godtgjersler i selskap fylkeskommunen eig.

## **Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune gjorde i sak 90/2017 følgjande vedtak:**

### **Vedtak**

Ei arbeidsgruppe beståande av fylkesordføraren og gruppeleiarane i fylkestinget vert etablert.

Gruppa sitt mandat er å stå for ein heilskapleg gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sin eigarstrategi.

Leiar: Fylkesvaraordføraren

Administrasjonen stiller naudsynte sekretariatsfunksjonar tilgjengeleg for arbeidsgruppa, og vil sørge for innkalling og avvikling av møte.

Arbeidsgruppa sine framlegg vert lagt fram for fylkestinget til avgjerd.

## **1.1 REGIONREFORM OG EIGARSKAP**

Frå 1.1.2020 blir den nye fylkeskommunen ei ny juridisk eining som vil erstatte dagens fylkeskommunar. Dette vil få betydning for vidareføring av arbeidskontraktar, innkjøpskontraktar, eigarskap osv.

Det vil bli identifisert og sett i gang prosjektgrupper på fleire områder, for å kartlegge dagens aktivitet og komme opp med forslag til løysingar inn i ei felles administrativ organisering.

Det er aktuelt å nedsette ei prosjektgruppe for å gå gjennom dagens eigarskap i dei to fylkeskommunane, og foreslå opplegg for vidareføring eller ikkje etter 1.1. 2020. Konsekvensar for vedtekter, registrering osv. må inngå som ein del av eit vidareført opplegg. Ny eigarstrategi må utviklast etter 1.1.2020.

## 1.1 FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLLAR

I kvar valperiode gjennomførast det fleire selskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar på eigarskapsområdet. Tiltrådingar gjedd i ulike selskapskontrollar er tekne inn i arbeidet med denne strategien.

## 1.2 EIGARSKAPSMELDING 2017

Det skal utarbeidast eigarskapsmelding kvart år. Meldinga handsamast i fylkestinget etter innstilling frå eigarutvalet. Sist eigarskapsmeldinga vart vedteken var i mars 2017.

# 2 Forslag til innstilling

Arbeidsgruppa har hatt ein gjennomgang av Hordaland fylkeskommunes eigarskap og engasjement i ulike selskap og verksemder. Arbeidsgruppa har og sett på kva rutinar som ligg føre for korleis eigarstyringa vert utøvd og dei korleis ulike rollar vert fylt og utført.

1. Fylkestinget vedtek eigarstrategien slik den ligg føre.
2. Hordaland fylkeskommune skal legge dei 21 tilrådingane frå KS Eigarforum til grunn for si utøving av eigarstyringa.
3. Fylkesutvalet er Hordaland fylkeskommunes eigarutval og har endeleg avgjerd i saker som gjeld eigarskap, med unntak av eigarskapsmeldinga som skal fremjast for fylkestinget. Dette innarbeidast i delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.
4. Når det veljast varamedlem til styrene i ulike selskap skal dei veljast numerisk og ikkje som personlege vara i dei høva det ikkje er vedtektsfesta i selskapet at varamedlem skal vere personlege. I selskap fylkeskommunen eig meir enn 50% skal det fremjast forslag til generalforsamling om vedtektsending som gjer det mogleg å velje numeriske vara.
5. **Generalforsamlingar:**  
Det er fylkesordførar, fylkesvaraordfører eller den dei gjev fullmakt som deltek i generalforsamlinga som eigarrepresentant på vegner av Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet skal i byrjinga av kvart år handsame sak om eigarrepresentasjon i selskaps generalforsamlingar. Fortrinnsvis skal eigarrepresentantane veljast blant fylkesutvalets medlemmer, om ikkje fylkesordførar/fylkesvaraordfører kan møte. Eigarrepresentantane skal representere fylkeskommunen i rolla som eigar i generalforsamlingane. Hordaland fylkeskommune skal møte med eigarrepresentant i generalforsamlingar i alle selskap fylkeskommunen har eigardel i.
6. Fylkestinget vedtek malar for styreinstruks, styrets eigenevaluering og retningsliner for valnemnder slik dei ligg føre.
7. Det skal utarbeidast eigarskapsmelding kvart år som vert handsama av fylkestinget. Eigarstrategien skal reviderast i samband med fyrste eigarskapsmelding i valperioden. Eigarskapsmeldinga kan vere forenkla, med unntak av fyrste året i valperioden.
8. Retningsliner for styremedlem vald av Hordaland fylkeskommune gjeld alle verksemder, både selskap og stiftingar.
9. Stiftingar kor Hordaland fylkeskommune er representert i styret skal inkluderast i eigarskapsforvaltninga.
10. Hordaland fylkeskommune ber styrene i selskapa sette dato for generalforsamlinga så tidleg som mogleg og seinast 6 veker før generalforsamling skal haldast.
11. Fylkestinget ber fylkesutvalet som eigarutval vurdere på nytt i kva grad og på kva måte den nye fylkeskommunen skal vere medeigar/eigar i noverande selskap – før dette blir tema i fellesnemnda.

12. Hordaland fylkeskommune sine representantar i styre skal arbeide for at selskapa skal ta inn lærlingar der det er mogleg.

## 3 Lovgrunnlag

Fylkeskommunen har stor fridom til å organisere tenester slik den sjølv ønskjer, anten som ein ordinær del av fylkeskommunen, eller gjennom å etablere sjølvstendige selskap/rettssubjekt, aleine eller saman med andre aktørar.

Etablering av fylkeskommunal verksemd i selskap eller andre eigarformer inneber at tradisjonell politisk styring endrar karakter. Forvaltingsstyring blir erstatta av eigarstyring. Formell og direkte eigarstyring kan berre gjerast gjennom generalforsamling eller representantskap.

Fylkeskommunens eigarskap er i stor grad avgrensa til aksjeselskap.

Det er ulike årsakar til at Hordaland fylkeskommunes eigarskap i all hovudsak er i form av aksjeselskap. Dels er det eit resultat av at eksterne aktørar, ofte statlege instansar, krev eller tilrår aksjeselskap som eigeform i gjennomføring av ulike typar oppgåver. Sistnemnde gjeld mellom anna Bybanen AS (Jernbanetilsynet) og bompengeselskapa (samferdselsdepartementet/Vegdirektoratet) Dels er det eit resultat av ei negativ haldning til føretaksmodellen (kommunalt føretak jf kommunelova), som vert opplevd som ei hybridform som bidrar til uklære rollar og ansvarspulverisering.

Når fylkeskommunen vurderer å gå inn i nye eigarskapsforhold skal ein alltid ha eit medvite val om selskapsform på bakgrunn av ei spesifikk vurdering av eigarstyringsbehov, verksemda sitt føremål og behov for demokratisk kontroll/politisk styring.

Aksjelova definerer aksjonæranes rettar og pliktar i samband med utøving av eigarskap.

## 4 God folkevald styring med selskapa

Sjølv om delar av verksemda er lagt ut i eit selskap, har kommunestyret det overordna ansvaret. Det er difor viktig å oppretthalde god folkevald styring.

God folkevald styring definerast gjerne gjennom fire standardarar:

### **Påliteleg styre**

Pregast av likebehandling, politisk reielegheit og respekt for spelereglane. Denne standarden handlar om fylkespolitikkenes allmenne omdømme. Det handlar om innbyggjaranes tillit til at de blir behandla likt i dei fylkeskommunale avgjerdsprosessane.

### **Ansvarleg styre**

Fremjar oversiktlig politikk og informerte innbyggjarar som grunnlag for deira kontroll med dei folkevalde. Eit ansvarleg styre skal sørge for innbyggjarane har tilstrekkeleg informasjon til å følgje med i politikken og stille dei styrande til ansvar.

### **Borgarnært styre**

Stimulerer borgaranes interesse for og engasjement i lokalpolitikken gjennom høyringskanalar og moglegheiter for debatt og deltaking. Ved borgarnært styre er det etablert kanalar for medverknad i avgjerdsprosessane, óg i prosessar det ikkje er lovpålagt.

### **Effektivt styre**

Folkevalde har god styring, og leverer resultat. Eit effektivt styre særmerkas mellom anna ved ryddige forhold i den politiske styringa av administrasjonen og at fylkeskommunen leverer resultat innbyggjarane og folkevalde er nøgd med.

Forsking syner at administrasjonen har ein viktig støttefunksjon for at dei folkevalde skal kunne teke i vare rollane sine på ein god måte.

For at dei folkevalde skal kunne påverke og styre selskapa i tråd med dei føremål som er satt, er det viktig å vere medviten dei moglegeheitene som finst i å styrke kunnskapen og merksemda rundt eigarskapspolitikken blant eit breitt utval av folkevalde, og den blir gitt ei brei og heilskapleg politisk prosess.

## 5 Vurdering av grunnlag for eigarskap

Fylkeskommunen bør kontinuerleg gjere ei vurdering av grunnlaget for eigarskap i dei enkelte selskap. Vurdering av grunnlaget for eigarskap må ta utgangspunkt i kva fylkeskommunen vil med sitt eigarskap i det enkelte selskap. Endringar i selskapets verdiar, vilkår og marknadssituasjon, samt endringar i fylkeskommunens oppgåver og vilkår, kan føre med seg behov for endringar i eigarstrategi og eigarposisjonar. Vurdering bør gjerast med fokus på både fylkeskommunens behov og selskapets behov.

Viktige spørsmål å stille ved vurdering av grunnlag for eigarskap er til dømes:

- Kva er fylkeskommunens føremål med å opprette/gå inn i selskapet?
- Har eigarskapen så langt vist seg å vere tenleg i høve føremålet?
- Drivast selskapet godt og i samsvar med det som er formulert som selskapets føremål?
- Er selskapstype/organisasjonsform tenleg i høve føremålet eller bør det gjerast endringar?
- Er det aktuelt å endre eigarandel?
- Er fylkeskommunen framleis tent med å vere eigar – eller kan oppgåva løysast betre på anna måte?

Det er gjort ei vurdering av fylkeskommunens eigarskap/deltaking i selskap med vidare. Sjå «selskapsregister» og oversyn over stiftingar. Fylkesrådmannens hovudkonklusjon er at det ikkje bør gjerast endringar no, utover dei som er vedteke for bompengeselskapa (sjå eget kapittel)

### 5.1 FØRESETNADER FOR GOD EIGARSTYRING

Etablering av fylkeskommunal verksemd i føretak eller eigne rettssubjekt inneber at tradisjonell politisk styring endrar karakter. Forvaltningsstyring erstattast av eigarstyring.

Opplæring av og informasjon til dei folkevalde er avgjerande for å utøve god eigarstyring. Dette gjeld ikkje minst kunnskap og medvit om kor, når og korleis eigarstyring kan utøvast.

Styring og påverknad kan utøvast i fleire samanhengar:

- Generalforsamlingar
- Representantskap
- Styre
- Valnemnd
- Vedtekter
- Aksjonæravtale
- Eigarstrategi
- Tildelingsbrev
- Ulike typar eigarmøte
- Politiske styringssignal/styringsdokument

Formell og direkte eigarstyring kan berre utøvast gjennom generalforsamling/representantskap.

Viktige føresetnader for god eigarstyring er:

- Ein tydeleg eigarpolitikk.
- Klart formulerte vedtekter.
- Tydeleg føremål for selskapet.
- Rolleavklaring og rolleforståing.
- Styresamansetting.
- Rutinar for tilsyn og kontroll.



## 5.2 EIGARFORM

Den som skal drive næringsverksemd, må velje en eigarform og ein organisasjonsstruktur. ”

Dei viktigaste eigarformene i Noreg er enkeltpersonføretak, AS, ASA, ANS og DA samt samvirkeføretak. I tillegg kan fylkeskommunar og kommunar opprette (fylkes-)kommunale føretak og interkommunale føretak.

Dei fleste eigarformene er tilpassa næringsverksemdar og lovverket som regulerer disse er innretta for å redusere og fordele økonomisk risiko. Ansvar for selskapets forpliktingar påverkar korleis eigarskapen kan utøvast i tillegg til kor stor risiko som er knytt til å vere styremedlem i selskap.

I realiteten er følgjande eigarformer tilgjengelege for fylkeskommunar:

- Aksjeselskap
- Samvirkeselskap
- Stiftingar
- Interkommunale selskap
- Fylkeskommunalt samarbeid”
- Fylkeskommunalt føretak
- Fylkeskommunal verksemd


	AS	IKS	Fylkeskommunalt foretak	Stiftingar	Samvirkeselskap
<b>Regulerast av</b>	Aksjelova	IKS-lova	Kommunelova	Stiftelseslova	Samvirkelova
<b>Kapitalkrav</b>	30 000		0	100 000*	Medlemsavgift
<b>Eigars ansvar for gjeld</b>	Nei		Fullt ansvar for fylkeskommunen	Nei	Nei
<b>Krav om styre</b>	Ja		Nei	Ja	Min. 3 styremedlem
<b>Dagleg leiar</b>	Nei		Nei	Nei	Ja***
<b>Revisor</b>	Ja**		Kommunal revisjon	Ja	Ja**
<b>Rekneskapsplikt</b>	Ja		Ja	Ja	
<b>Rekneskap til Brønnøysund</b>	Ja		Nei	Ja	

\* Grunnkapital

\*\* Revisorplikt etter nærare reglar i revisorlova.

\*\*\* Kan unngå dagleg leiar om det er vedtektsfesta i samvirket.

Tabell 1 Oversikt over selskapsformar.



I figur 1 visast alternative organisasjonsmodellar rangert etter grad av sjølvstende og grad av politisk styring for dei ulike eigarformene.

Den raude streken i modellen illustrerer skillet mellom kommunal eining og sjølvstendig rettssubjekt.

### 5.3 AKSJESELSKAP

Det er to hovudformar for selskap med avgrensa deltakaransvar: aksjeselskap (AS) og allmennaksjeselskap (ASA). For begge formane gjeld at berre selskapet er ansvarleg for forpliktingane i selskapet, og deltakaranes (aksjonæranes) ansvar er avgrensa til aksjeinnskotet.

Eit aksjeselskap kan eigas av ein kommune eller fylkeskommune aleine, saman med andre kommunar og fylkeskommunar eller saman med private rettssubjekt. Selskapets øvste eigarorgan er generalforsamlinga.

Generalforsamlinga er øvste myndigheit i selskapet og styrer selskapet gjennom vedtekter og stiftingsdokument, samt sin direkte instruksjonsrett over styret. Instruksjonsretten er retta mot styret som heilskapeleg kollegium, og ikkje det enkelte styremedlem.

Hordaland fylkeskommune skal møte med eigarrepresentant på generalforsamling i alle selskap kor fylkeskommunen har eigarskap.

### 5.4 INTERKOMMUNALE SELSKAP

Interkommunale selskap regulerast av IKS-lova. Interkommunale selskap etter lov om interkommunale selskap kan berre skipast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Deltakarane har samla eit uavgrensa ansvar for selskapets forpliktingar. Selskapets eigarorgan og øvste mynde er representantskapet. Deltakarane skal opprette ein skriftleg selskapsavtale.

Forvaltninga av selskapet ligg hos styret og dagleg leiar. Deltakarkommunane utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmer i representantskapet. Kvar enkelt deltakar skal ha minst ein representant i representantskapet. Kommunestyret har instruksjonsrett ovanfor sine medlemmer i representantskapet.

#### 5.4.1 Styret i interkommunale selskap

Representantskapet vel styre. Styret skal ha minst tre medlemmer og omfattast av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon, det vil seie minimum 40% av kvart kjønn.

Dagleg leiar eller medlemmer av representantskapet kan ikkje vere styremedlemmer i selskapet.

Representantskapet som eigarorgan utøver kontroll over styret på fleire måtar:

- Bestemmer samansetninga av styret
- Kan instruere styret og gjere om på avgjerder
- Kan gjennom selskapsavtalen slå fast at nærare gjevne saker må godkjennast av representantskapet.

## MEIR

### 5.5 ANDRE SELSKAPSFORMER

Hordaland fylkeskommune er engasjert og deltakande i ei rekkje organisasjonar utanom dei formene som så langt er omtalt i denne strategien. Og sjølv om fylkeskommunen ikkje er eigar har det kome ønskje om å presentere ein oversikt over stiftingar vi deltek i.

I tillegg til stiftingane er fylkeskommunen med i ei rekke foreiningar, samarbeid og samanslutningar. Desse er ikkje behandla i denne strategien, men vi føreset at råd og retningsliner knytt til utøving av styreverv og liknande vert følgd også for styreverv utanom eigarskapsportefølgja.

For styremedlem i stiftingar gjeld dei same retningslinene som for styremedlem i andre selskapsformer, så lenge dei er vald eller oppnemnd av fylkeskommunen. Styremedlem i stiftingar skal og inviterast til og delta på obligatorisk opplæring for styremedlemer.

## 5.6 STIFTINGAR

Stiftingar er ein kapital som er satt av til eit bestemt føremål, under sjølvstendig leing og med ein eigen organisasjon. Stiftingar regulerast av stiftingslova. Eit hovudføremål bak reglane i stiftingslova er å hindre misbruk av stiftingsformen. Mange av reglane i stiftingslova er inspirert av aksjelovane.

Hordaland fylkeskommune deltek i følgjande stiftingar med styremedlem:

Stifting	Grunnkapital	Eigenkapital	tilsette
Arne Bjørndals fond	kr 251 060,00	kr 342 222,00	0
Baroniet i Rosendal	kr 438 693,00	kr 37 154 000,00	60
Bergen Sjøfartsmusem	kr 55 000 000,00	kr 64 855 893,00	18
Bymuseet i Bergen	kr 200 000,00	kr -7 117 850,00	130
Festspillene i Bergen	kr 450 000,00	kr 5 558 853,00	23
Hardanger og Voss museum	kr 228 600,00	kr 5 873 000,00	105
Ivar Thorkildsens legat	kr 459 800,00	kr 477 470,00	0
KODE kunstmuseene i Bergen	kr 200 000,00	kr -9 352 309,00	138
Kristoffer Lehmkuhls fond	kr 800 000,00	kr 12 538 000,00	0
Museum Vest	kr 50 000,00	kr 3 367 045,00	139
Museumssenteret i Hordaland	kr 870 000,00	kr 19 346 842,00	79
Norsk Vasskraft og industrikraftmuseum	kr 260 000,00	kr 2 798 587,00	30
Nynorsk kultursentrum	kr 100 000,00	kr 4 048 793,00	81
Olav H Hauge stiftinga	kr 200 000,00	kr 321 316,00	0
Skrivekunstakademiet i Hordaland	kr 50 000,00	kr 2 302 000,00	7
Stiftelsen Klosteret 17		kr 2 599 426,00	0
Stiftelsen Kulturhuset USF verftet	kr 500 000,00	kr 8 456 717,00	10
Stiftelsen Vestnorsk Jazzsenter	kr 50 000,00	kr 541 027,00	10
Stiftelsen Voss mylna	kr 50 000,00	kr 112 139,00	0
Stiftinga Fjelberg Prestegard	kr 900 000,00	kr 1 647 474,00	0
Stiftinga Meland Golf og naturpark	kr 2 500 000,00	kr 14 382 460,00	0
Stiftinga Oselvarverkstaden	kr 50 000,00	kr 1 200 551,00	8
Sunnhordland museum	kr 50 000,00	kr 33 154,00	24
Vestnorsk kulturakademi	kr 307 000,00	kr 206 107,00	5
	<b>kr 63 965 153,00</b>	<b>kr 171 692 917,00</b>	<b>867</b>

I tillegg kjem stiftingar kor vi er stiftar eller medstiftar, men kor vi av ulike grunnar ikkje har styremedlem. Det er og nokre stiftingar kor fylkeskommunen er nemnd i samband med oppløysing av stiftinga. Det følgjer av stiftelseslova korleis stiftingar skal skipas, korleis kapital skal forvaltas og korleis ei stifting kan avviklas.

Dei stiftingane som er nemnde i oversikten ovanfor hadde samla driftsinntekter på ca 550 millionar i 2016, og har ca 870 tilsette til saman. Dei forvaltar store verdiar på vegner av fellesskapet utover dei reint økonomiske storleikane. Til dømes forvaltar musea historiske samlingar av stor verdi for samfunnet, og som vanskeleg kan uttrykkast i tal og rekneskap.

Hordaland fylkeskommune er representert i styrene for desse stiftingane, men har ikkje fleirtal i nokre av styra. Det er berre dei færreste av stiftingane som har eit fleirtal i styra (øvste organ) frå kommunar, fylkeskommunar eller staten.

I tidligare stiftelseslov var det offentlege stiftingar eit omgrep som vart nytta. Det omgrepet blei ikkje vidareført i stiftelseslova av 2007, og vil heller ikkje verte tatt inn i den nye stiftelseslova (jf NOU

Stiftingar kor fylkeskommunen deltek er omfatta av same reglar som andre stiftingar. Dei fleste stiftingar i Noreg er pengeutdelande stiftingar, og lova er hovudsakleg tilpassa desse. Til dømes når det gjeld kapitalforvaltning og oppløysing/avvikling er dette særleg tilpassa dei pengeutdelande stiftingane.

## 5.7 TILSYN OG KONTROLL I STIFTINGAR

Det er stiftelsestilsynet som er kontroll- og tilsynsmynde i høve stiftingar.

# 6 Særskilte reglar for offentleg eide selskap

Offentleg eigde selskap er regulert av ulike lovar. AS er regulert av lovverk som aksjelova, rekneskapslova mv, IKS er regulert av IKS-lova og samvirker av samvirkelova. I tillegg vil det for ei rekkje selskap gjelde lovar som elles berre gjeld offentlege verksemder. Til dømes vil offentleglova gjelde for nokre selskap, det same vil lov om offentlege anskaffingar.

Dette gjer at selskap som stiftas med hovudsakeleg offentlege eigarar må vere klar over at dei må forhalde seg til eit anna lovverk enn mange andre bedrifter. I tillegg kjem det etiske elementet knytt til korleis det offentlege opptre i samfunnet.

Eigarstyringa frå fylkeskommunen er prega av vi er en annleis eigar enn mange private eigarar.

I kommunesektoren dei siste 15 åra har talet på selskapsetableringar auka kraftig. I 2000 var det 1029 kommunalt eigde AS, mens det i 2014 var 2418 slike selskap. Det er ei liknande utvikling for interkommunale selskap. I ein rapport frå NIBR 2015 er eigarstyring og folkevalt styring i kommunale selskap gjennomgått, og funna frå dette arbeidet er .....

## 6.1 LOVPÅLAGTE REGLAR FOR OFFENTLEG EIGDE SELSKAP

Ei rekkje lovpålagte reglar rettar seg berre mot offentleg eigde selskap, sjølv om selskapa er underlagt aksjelova.

### Offentleg støtte til føretak

EØS-avtalen forbyr støtte til føretak som driv økonomisk aktivitet, dersom støtta kan virke konkurransedrivande. Med føretak her meiner lovgivar føretak i vid forstand, og kan og omfatte til dømes ein integrert kommunal eller fylkeskommunal etat like gjerne som eit selskap.

Det er seks kriterier som må vere oppfylt for at forbodet skal tre i kraft:

- 1- Tiltaket må innebere støtte i form av tildeling av en økonomisk fordel (støtteomgrepet)
  - 2- Støtta må vere gjedd av offentlege midlar (offentleg støtte)
  - 3- Støtta må gagne enkelte føretak eller produksjon av enkelte varer eller tenester (selektivitetskriteriet)
  - 4- Støtts må ystast til føretak som driv økonomisk aktivitet (føretaksomgrepet)
  - 5- Støtta må vri eller true med å vri konkurransen (konkurransesvridings-vilkåret)
  - 6- Støtta må vere egna til å påverke samhandelen innan EØS-området (samhandelskriteriet)
- (Kjelde: NIBR-rapport 2015:1)

## 6.2 KOMMUNELOVA

### **§ 80. Innsyn og undersøkelser i selskaper**

*I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.*

*Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.*

*Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.*

*Tilføyd ved lov 12 des 2003 nr. 113 (ikr. 1 juli 2004 iflg. res. 18 juni 2004 nr. 915), endret ved lov 8 feb 2013 nr. 7 (ikr. 1 juli 2013 iflg. res. 8 feb 2013 nr. 144).*

### **6.2.1.1 Kapittel 12 A. Aksjeselskaper der kommuner eller fylkeskommuner eier minst to tredeler av selskapet. Representasjon av begge kjønn i styret.**

*Kapitlet tilføyd ved lov 19 juni 2009 nr. 91 (ikr. 1 jan 2010 iflg. res. 20 nov 2009 nr. 1385).*

#### **§ 80 a. Representasjon av begge kjønn i styret**

*1. Reglene i aksjeloven § 20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjelder tilsvarende for aksjeselskap hvor kommuner og fylkeskommuner til sammen eier minst to tredeler av aksjene i selskapet. Departementet kan gi forskrifter om at reglene i første punktum også skal gjelde for aksjeselskaper som eies av kommuner eller fylkeskommuner med under to tredeler, når resten av selskapet er eid av staten eller selskaper som direkte eller indirekte, er heleid av staten.*

*2. For å legge til rette for at valget oppfyller kravene i nr. 1 kan departementet gi forskrift om den nærmere gjennomføringen av valget av styremedlemmer som velges av og blant de ansatte, jf. aksjeloven § 6-4, herunder også eventuelt i selskaper som nevnt i nr. 1 annet punktum.*

*Tilføyd ved lov 19 juni 2009 nr. 91 (ikr. 1 jan 2010 iflg. res. 20 nov 2009 nr. 1385, men slik at for selskaper som er stiftet og registrert i Foretaksregisteret før 1 jan 2010 skal styret være sammensatt i samsvar med paragrafen her innen to år etter dette).*

## 6.3 REGLANE FOR OFFENTLEGE INNKJØP (LOV OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR)

Statlege, fylkeskommunale og kommunale organ må følgje reglane for offentlege anskaffingar ved kjøp av varer og tenester. Private rettssubjekt som stiftingar, aksjeselskap mv. er og omfatta av reglane for offentlege anskaffingar når offentleg myndigheit har ein bestemt kontrollerande innflytelse over det private rettssubjektet.

# 7 Eigarstyring

## 7.1 EIGARPOLITIKK

Hordaland fylkeskommune sin eigarstyring og eigarpolitikk er forankra i dei 21 tilrådingane frå KS Eigarforum. I tillegg er det fleire vedtak i fylkestinget som påverkar eigarstyringa direkte. Mellom anna er det vedteke at prinsipp for corporate governance skal innarbeidast i eigarstyringa, og det er

utarbeidd retningslinjer for rekruttering til styrene i selskapa saman med forventingar eigar har til styremedlemene.

## **7.2 CORPORATE GOVERNANCE – AKSJELOVANE SOM RAMME FOR NÆRINGSVERKSEMD**

Den juridiske corporate governance debatten dreier seg i stor grad om forhold mellom eigarar og styre og forhold knytt til rettsøkonomi. Medan aksjelovane er «hard law» omtalast corporate governance som «soft law», og har, trass i at kodane i corporate governance ikkje er rettsbinande, ein «comply or explain»-betydning for selskap.

Hordaland fylkeskommune har tidligare vedteke å følgje same corporate governance prinsipp som er tilrådd i «Norsk anbefaling Eierstyring og selskapsledelse» (NUES). I det ligg at selskap vi eig forventas å følgje kodane i tilrådinga, og om dei ikkje ønskjer å følgje koden må dei forklare kvifor koden fråvikast.

Eigarrolla står normalt sterkt i alle corporate governance-debattar og siktemålet er å sikre mest mulig økonomisk effektivitet i leiinga av selskapet. Dette er på line med den såkalla prinsipal/agent-teorien, som tek utgangspunkt i at aksjonærane må bruke tid og krefter på å utøve kontroll med leiinga (agentkostnader). For å oppnå økonomisk effektivitet bør selskapsrettslige reglar utformas slik at dei gjev aksjonærane høve til å kontrollere leiinga, og at dette kan skje med minst moglege kostnader.

### **7.2.1 Prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing «Corporate Governance»**

Overordna prinsipp for eigarstyring i Hordaland fylkeskommune:

1. Fylkeskommunens eigarskap skal vere langsiktig og prega av openheit
2. Fylkeskommunen skal utøve si eigarrolle gjennom aktiv bruk av generalforsamlingar og representantskap som styringsarena
3. I alle aksjeselskap med to eller fleire eigarar skal det utarbeidast ein aksjonæravtale. Aksjonæravtalen i selskap med private eigarar bør omfatte bestemming om selskapskontroll/kontrollutvalets innsynsrett
4. Det skal utarbeidast eigarstrategi for alle selskap, i tråd med fylkeskommunens gjeldande mal for innhald og krav til eigarstrategi
5. Kapitalstrukturen i selskaper skal vere tilpassa føremålet med selskapet og selskapets situasjon
6. Alle selskap skal ha ei valnemnd.
7. Eig(ar) skal se til at styrets samansetning kjenneteiknas av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets eigenart
8. Fylkeskommunens krav til styret og styrets arbeid skal konkretiserast i eigarstrategi for det enkelte selskap.
9. Godtgjersle til styrets medlemmer og løn til selskapets leiar skal fremje verdiskapinga i selskapet og framstå rimeleg med omsyn til ansvar, kompetanse, arbeidets omfang og selskapets kompleksitet.
10. Fylkeskommunen skal vurdere sitt eigarskap i det enkelte selskap kvart anna år i samband med handsaming av eigarskapsmeldinga.

Prinsippa leggjast til grunn for eigarstyring i dei selskap og føretak fylkeskommunen har eigarinteresse i, for personar vald inn i styrande organ, og for fylkesrådmannens utøving av oppgåver knytt til eigarstyring.

Prinsippa skal vurderast ved starten av kvar valperiode.

## **7.3 EIGARSTRATEGI**

KS sine tilrådingar seier at det bør utarbeidast egne eigarstrategiar for alle selskap fylkeskommunen eig. Det er i samband med denne strategien laga ein mal for utarbeiding av

## 7.4 ROLLAR OG ROLLEFORSTÅING

Fylkeskommunen har ofte fleire rollar når det gjeld styring og oppfølging av verksemder, under dette som eigar og som kontraktspart. Det er viktig å skilje mellom eigarstyring og kontraktstyring. Eigarskapsmeldinga dreier seg om eigarstyring, kontraktstyring er ikkje omtala her.

Oversikta under syner dei ulike rollane knytt til eigarstyringa, kva for ansvar som ligg til desse, kva arenaer dei opptre i og dei viktigaste styringsverktøy og styringsdokument dei her.

Rolle	Ansvar/oppgåve	Arenaer	Styringsverktøy/dokument
<b>Eigar</b>	Forvalte selskapets formål Gje signal til styre Velje styre Handsame saker av prinsipiell/politisk karakter	AS: Generalforsamling IKS: Representantskap Stiftingar: Årsmøte/representantskap	Vedtekter Selskapsavtale Aksjonæravtale Stiftingsdokument Eigarstrategi Generalforsamlings-/representantskapsvedtak Val av styremedlem Bundet mandat til eigars representant i eigarorgan
<b>Styre (styreverv i AS/IKS er personlege)</b>	Forvalte og utvikle selskapet Ha dialog med og følgje opp signal frå eigarane Strategi for selskapet Økonomisk styring Ansette og følgje opp dagleg leiar	Generalforsamling Styremøte Styreseminar Eigarmøte – dialogarena Kontaktmøte med eigar	Forretningsplan Strategiplan Budsjett Rekneskap Styreprotokollar Forankring av saker i eigarorgan Evaluering av styre og dagleg leiar
<b>Dagleg leiar</b>	Dagleg leiing Følgje opp vedtak og signal frå styret Saksførebuing Gjennomføring Kommunikasjon med omverda Representere selskapet	Styremøte Interne og eksterne møter	Strategi Budsjett Rekneskap Tilsette og følgje opp medarbeidarar Forankring av saker i styremøte Interne planar og vedtak
<b>Fylkesrådmann</b>	Leggje til rette for politisk eigarstyring	Fylkestinget Fylkesutvalet (har delegert mynde i eigarskapsaker)	Saksdokument til politisk handsaming

	Utgreie og førebu saker som krev politisk handsaming  Bidra til å vidareutvikle eigarskapspolitikken	Eigarskapsforum – dialogarena	
<b>Kontrollutvalet</b>	Sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av fylkeskommunens interesser i verksemdar mv	Kontrollutvalsmøter  Fylkestinget	Rekneskapsrevisjon  Forvaltningsrevisjon  Selskapskontroll

Figuren under syner kor avgjerder blir tatt og korleis kommunikasjonen går føre seg i eigarstyringa. Som det går fram av figuren er det ingen kobling mellom fylkeskommunens organ og selskapet utover generalforsamlinga.

## 7.5 EIGARSTRATEGIEN OG EIGARROLLA

Ei tilråding om eigarstrategi bør vere grunnlagt i fylkeskommunens konkrete eigarinteresser (selskapsportefølje). Ei slik tilnærming er i tråd med dei 21 tilrådingane KS eigarforum har gjeve om eigarstyring.

Hordaland fylkeskommunes eigarskap er langsiktig og av samfunnsmessig karakter. Det er, med et unntak i Valen Kraftverk AS, ingen av eigarskapa som har økonomisk eller finansielt føremål. Alle eigarskap er begrunna i politiske, samfunnsutviklande omsyn.

Selskapa er strukturert i ulike sektorar:

1. Selskap knytt til samferdselssektoren
2. Selskap knytt til kultursektoren
3. Selskap knytt til samfunns- og næringsutvikling.
4. Arbeidsmarknadsbedrifter
5. Selskap knytt til opplæringssektoren
6. Selskap knytt til energi og klimasektoren

Det er fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune som er eigarutval og handterer den løpande eigarrolla.

## 7.6 STYRETS ROLLE

Styret i selskap skal forvalte og utvikle selskapet. Aksjelova regulerer styrets overordna ansvar for forvaltninga av selskapet. I Hordaland fylkeskommune har vi i tillegg vedteke fleire føringar for korleis styrer i våre selskap skal utføre sitt oppdrag og korleis rolla som styremedlem skal utøvas.

Å vere styremedlem krev tid og merksemd. For å utføre arbeidet slik lova føreset krev det at styremedlemene nyttar tid til førebuingar, gjennomføring av møter, etterarbeid og dialog mellom møta. Det er vesentleg at styremedlemene har interesse for å sette seg inn i selskapet og bransjen, og til å utvikle og hjelpe selskapet.

Styreverv i eit aksjeselskap, interkommunalt selskap eller ei stifting er eit personleg verv. Det tyder at du ikkje representerer korkje parti, fylkeskommunen eller andre interessentar. Oppgåva er å forvalte selskapets interesser på best mogleg måte saman med resten av styret og ut frå selskapets føremål. Medlemer av styret representerer berre seg sjølv.



## 7.7 STYRETS SAMANSETNING

Det er eigars ansvar å sjå til at styrets kompetanse samla er tilpassa det enkelte selskaps verksemd. KS tilrår at fylkeskommunen sikrar opplæring av styremedlemer. I Hordaland fylkeskommune er denne opplæringa obligatorisk for våre styremedlemer.

Styret skal spegle og representere selskapets behov og bør har forskjellig og supplerande kompetanse innan økonomi, organisasjon og om marknaden selskapet opererer i. Vidare bør styret har fagleg innsikt og ei interesse for selskapets føremål.

Som eigar tilrår Hordaland fylkeskommune at styrene i våre selskap jamleg vurderer sin eigen kompetanse ut frå eigaranes føremål med selskapet.

For å sikre rett kompetanse i styrene tilrår fylkeskommunen følgjande rutinar for styret:

- Fastset styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ein klar intern ansvars- og oppgåvedeling.
- Gjennomfører eigenevaluering kvart år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemer skal få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling.
- Gjennomfører eigne styreseminar om rollar, ansvar og oppgåver.
- Fastset ein årleg plan, inkludert møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gir ein samla utgreiing for selskapets styring og leiing i ein årsrapport.

### 7.7.1 Varamedlemer

Hordaland fylkeskommune tilrår sine selskap å nytte numeriske varamedlemer for å sikre kontinuitet og kompetanse i styrene. Fylkeskommunen vil dermed gå bort frå ordningar med personlege varamedlem.

For aksjeselskap er det ordning med numeriske varamedlem som er vanleg i samfunnet for øvrig. For selskapets beste vil fylkeskommunen gjere sitt for at styrene settast best mogleg i stand til å oppfylle sitt forvaltningsansvar. Det vil og forenkla administrasjonen i det enkelte selskap då det blir enklare å handtere forfall til møter.

## 7.8 VALNEMND


For selskap eigd av Hordaland fylkeskommune er hovudregelen at selskapa skal ha ei valnemnd.

Ordninga med valnemnd skal vedtektsfestas i generalforsamling/representantskap. Det skal utarbeidas retningsliner for valnemndas arbeid.

For nokre selskap er alle verv i styret oppnemningar frå andre organ (kommunestyrer, fylkesting eller liknande) i desse tilfella kan kravet om valnemnd fråvikas. Det er eigarane som kan gjere slikt fråvik i generalforsamling og det krevjast at sak om valnemnd er handsama i generalforsamling og at eit eventuelt negativt vedtak følgjas av ei forklaring.

### 7.8.1 Kjønnbalanse i styrene

Det blir rådd til at eigarorganet, uavhengig av organisasjonsform, sørgjer for at det er kjønnbalanse i styra. I følgje IKS-lova §10 er det krav om tilnærma 40% kjønnrepresentasjon i styrene. Reglane i aksjelova §20-6 om representasjon av begge kjønn i styret gjeld tilsvarande for aksjeselskap kor kommunar og fylkeskommunar til saman eig meir enn to tredeler av aksjane i selskapet. Dette følgjer av kommunelova §80a.



Figur 2 Oversikt over organa knytt til eigarstyling og selskapsleiing

## 8 Prosedyrar for oppnemning av styrerepresentantar

Fylkestinget har vedteke Retningsliner for val av styrerepresentantar og Retningsliner for utøving av vervet som styrerepresentant. Valnemnda gir innstilling til fylkestinget om kandidatar til styret. Det er generalforsamlinga i selskapet som formelt vel styre.

### 8.1.1 Retningsliner for val av styrerepresentantar

Alle partia i fylkestinget bør vera representert i valnemnda.

#### 1. Valnemnda sitt arbeid

- a. Følgjande skal ligge til grunn for valnemnda sitt arbeid:
  - i. Eigarskapsmeldinga si omtale av det enkelte selskapet
  - ii. Valnemnda si vurdering om eventuelt fleire eksterne kandidatar
  - iii. Gruppeleiarane sine forslag på kandidatar.
- b. Den enkelte kandidaten som vert innstilt skal vere spurd på førehand, og skal ha stadfesta si interesse og ha opplyst om eigne kvalifikasjonar og kapasitet for vervet.
- c. Det kan hentast inn informasjon om, og innstillast på, kandidatar som ikkje er foreslått av andre.
- d. Det skal innstillast fleire kandidatar som selskapsvalnemndene kan velja mellom.
- e. Fylkesordførar og fylkesvaraordførar bør som hovudregel ikkje ha styreverv i selskap.
- f. Medlemer i fylkesutvalet bør som hovudregel ikkje ha styreverv i selskap der fylkeskommunen er majoritetsseigar.

#### 2. Grunnleggjande krav til styremedlemer

I selskap der minst to tredelar av aksjane er offentleg eigd skal fylkeskommunen sikra kjønnsbalanse på 40% i tråd med reglane i aksjelova §20-6. Fylkeskommunen vil sikre god

kjønnsbalanse i styra ved alle oppnemningar, for slik å sikra tilfredsstillande utnytting av ressursane ein har til rådvelde.

### **3. Krav til kompetanse, kapasitet og habilitet**

- a. For oppnemning til styreverv er det krav om:
  - i. Kunnskap om næringa og bransjen selskapet driv i
  - ii. Grunnleggjande kunnskapar om rekneskap og rekneskapsforståing
  - iii. Relevant ekspertise innan eit eller fleire område som er viktig for selskapet, enten formell ekspertise/utdanning eller praktisk erfaring med styrearbeid, den aktuelle bransjen eller det aktuelle selskapet.
- b. Ved oppnemning av heile styret skal i tillegg leggjast vekt på at ein set saman eit kollegium som har:
  - i. Kunnskap eller erfaring om relevant lovgiving, rekneskap og/eller styrearbeid (generalistkompetanse)
  - ii. Kunnskap om selskapet, eller meir inngåande kunnskapar om næringa og/eller bransjen (spesialistkompetanse)
  - iii. Fagkompetanse og kompetanse innan etikk.
- c. Ved oppnemning til styreverv skal det takast omsyn til om det er sannsynleg om vedkommande vil kome i habilitetskonfliktar. Dersom dette er tilfellet, skal vedkommande ikkje oppnemnast.

## **8.1.2 Retningslinjer for utøving av vervet som styrerepresentant**

### **1. Krav til kompetanseheving for styremedlemer**

- a. Nyvalde styremedlemer skal gjennomgå obligatorisk opplæring i løpet av dei seks første månadane vedkommande sit som styrerepresentant.
- b. Personar som sit meir enn to år som styrerepresentant skal delta på oppfølging i løpet av det tredje året.
- c. Den obligatoriske opplæringa skal innehalde:
  - i. Grunnleggjande opplæring i rettar og plikter som styremedlem, og aksjelova sine regler.
  - ii. Grunnleggjande opplæring i rekneskapsforståing.
- d. Det vert forventa at den enkelte styremedlemer skaffar seg kunnskap om selskapet i starten av valperioden, inkludert vedtekter, rekneskap og andre relevante dokument.

### **2. Krav til oppmøte, deltaking og førebuing.**

- a. Det vert forventa at ein styremedlem som er oppnemnd av Hordaland fylkeskommune møter på alle styremøte i selskapet, med unntak for gyldig fråvær.
- b. Det vert forventa at ein styremedlem er godt nok førebudd til kvart styremøte til å kunna gi informerte og verdfulle bidrag til styret si behandling av saker.
- c. Det vert forventa at ein styremedlem som er oppnemnd av Hordaland fylkeskommune tar sjølvstendig initiativ til å ta opp saker og stilla spørsmål, i tråd med systemet i aksjelova.

### **3. Formelle forhold som gjeld utøvinga av styrevervet**

- a. Alle som vert oppnemnd som styremedlemer på vegner av Hordaland fylkeskommune skal registrerast i det offentlege styrevervregisteret og pliktar å følgja opp dette.

- b. Styrerepresentanten vert oppmoda om å halde fylkeskommunen sin kontaktperson for selskapet oppdatert på aktiviteten i selskapet, under føresetnad av dette ikkje er i strid med andre reglar.
  - c. Styrerepresentanten skal kontakta fylkeskommunen sin kontaktperson for selskapet dersom det er behov for rådgiving eller bistand frå fylkeskommunen. Kontaktpersonen vil då vurdera førespurnaden og eventuelt vidareformidla den til rett person.
  - d. For å betra kontakten mellom styrerepresentanten og fylkeskommunen skal styrerepresentanten ein gong i året, helst på nyåret i god tid før generalforsamlinga, ta initiativ til eit møte mellom kontaktpersonen i fylkesadministrasjonen og styrerepresentanten.
  - e. Fylkeskommunen syt for å teikna styreforsikring for dei oppnemnde representantane.
4. **Konsekvensar av at retningslinene ikkje vert følgde**  
Fylkeskommunen kan avsetja styremedlemer i løpet av valperioden, dersom ein finn at styret eller representanten ikkje fungerer på ein hensiktsmessig måte.

### 8.1.3 Prosedyrar for oppnemning av eigarrepresentantar

Delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune; Reglement for fylkesutvalet, revidert desember 2016, seier:

*2.1.6 Oppnemning til generalforsamling/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representera fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær. Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkes-tinget er samla.*

## 9 Godtgjering av styreverv i fylkeskommunale selskap

Generelt skal det vere moderat godtgjering av styreverv i fylkeskommunale selskap. Godtgjeringa skal spegle det ansvaret, den risiko og arbeidsmengde som følgjer av vervet.

Løns- og insentivordningar i selskapa bør utformast slik at dei fremjar at selskapa kan nå dei mål som er satt for selskapet og verker rimelege. Styrehonorar bør verte satt basert på selskapets økonomiske omfang, styrets arbeidsbelastning, styrerisiko og styremedlemenes kompetansmessige bidrag til selskapa.

Eit styreverv medfører eit personleg ansvar for den som blir vald som styremedlem og bør godtgerast. Styreleiar bør ha meir i godtgjering enn andre styremedlem.

Følgjande kriterier bør ligge til grunn for fastsetting av godtgjering i selskapa:

- Ansvar:
  - o Er det tilsette i selskapet?
  - o Er det spesielle juridiske forhold som gjer at selskapet er meir komplisert enn vanleg?
- Risiko:
  - o Korleis vurderast den økonomiske risikoen i selskapet?
- Arbeidsmengde:
  - o Kor mange styremøter er det per i år styret?
  - o Kor mye tid kan ein forvente til førebuingar?
  - o Er det andre tidkrevjande oppgåver knytt til vervet?

Når desse kriteria leggst til grunn bør generalforsamlinga gjere ein heilskapleg vurdering av nivået på godtgjeringane til styret. Godtgjeringane bør ikkje ligge over det som er normalt for eit fylkeskommunalt verv i politiske organ.

### 9.1.1 Honorarsatsar per gruppe selskap

Gruppe	Leiar	Medlem	Varamedlem
0	47 230 per år	31 490 per år	990 per møte
1	28 340 per år	23 610 per år	990 per møte
2	17 380 per år	12 600 per år	990 per møte
3	9 470 per år	6 300 per år	790 per møte
4	1 100 per møte	790 per møte	790 per møte
5	650 per møte	470 per møte	470 per møte

Skalaen for gruppering er identisk med Bergen kommunes honorarreglement, og gjev eigarrepresentantar for Hordaland fylkeskommune mandat til og retningsline for korleis slike saker skal avgjerast i generalforsamlingar fylkeskommunen deltek i.

Selskap i gruppe 0 er selskap med høg arbeidsbelastning for styret, høg risiko og komplisert styreansvar. Selskap i gruppe 5 er selskap med låg arbeidsbelastning, låg risiko og normalt styreansvar. Det må gjerast konkret vurdering i høve kvart einskild selskap. Slik vurdering vert tatt i utarbeiding av eigarstrategien for kvart einskild selskap.

Storleiken på honorara samsvarer med øvrig godtgjering i fylkeskommunen og vil vere i harmoni med øvrige eigarar i dei fleste selskap fylkeskommunen har eigarskap i.

## 10 Generalforsamlingar

Generalforsamlingar er eigaranes plass for styring av selskapet. Aksjelova (asl) regulerer korleis generalforsamlinga skal innkallast, kven som skal møte, korleis møtet skal gjennomførast og korleis møtet skal dokumenterast. Gjennom generalforsamlinga utøver eigarane den øvste mynda i selskapet. Her kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak fastsette rammer og gi nærare reglar for styret og dagleg leiar.

Hordaland fylkeskommunes rutinar for generalforsamlingar i selskap kor fylkeskommunen har eigardeler er basert på aksjelovas bestemmingar.

### **§ 5-1. Generalforsamlingens myndighet**

*(1) Gjennom generalforsamlingen utøver aksjeeierne den øverste myndighet i selskapet.*

*(2) Når selskapet har bedriftsforsamling, eller når det er avtalt at selskapet ikke skal ha bedriftsforsamling, gjelder reglene i § 6-35, jf lov om allmennaksjeselskaper § 5-1 annet ledd.*

Det er styret som har kompetanse/mynde til å innkalle til generalforsamling, jf § 5-9, fyrste ledd. Dersom styret ikkje innkaller til generalforsamling er det tingretten som skal gjere det.

Generalforsamlingas mynde er negativt avgrensa. Det vil seie at generalforsamlinga kan ta alle avgjerder som i følge lov eller vedtekter ikkje skal treffast i andre selskapsorgan. Dette inneber at generalforsamlinga mellom anna kan gje styret instruksar i ein kvar sak, gjere om på avgjerder gjort i styret viss det ikkje er inngått avtalar som gjer det umogleg. Generalforsamlinga kan sjølv avgjere alle slags saker.

Det er ei rekkje unnatak frå denne hovudregelen.

Som hovudregel skal generalforsamlinga velje styre (asl § 6-3 (1)). I Hordaland fylkeskommunes eigarmeldingar er det vedteke at våre selskap skal følge KS og NUES sine tilrådingar, som seier at selskapet skal ha ein valnemnd.

## 10.1 KVEN KAN OG SKAL MØTE PÅ GENERALFORSAMLINGA

Alle aksjeeigarar har ein ubetinga rett til å møte i generalforsamlinga og denne retten kan ikkje avgrensast av vedtektene i selskapet. Aksjeeigar kan møte ved å bruke ein fullmektig etter eige val, jf asl §5-2, fyrste ledd. Dersom alle aksjeeigarane samtykker kan det gjerast unntak frå denne paragrafen. Ingen aksjeeigarar har møteplikt i generalforsamlinga.

I Hordaland fylkeskommune er det i utgangspunktet fylkesordførar eller fylkesvaraordførar som kan møte i generalforsamlingar. Dersom ikkje fylkesordførar/-varaordførar kan møte vel fylkesutvalet/fylkesordførar ein som kan møte som fullmektig. Fullmektigen må leggje fram skriftleg fullmakt. Fullmakta må vere datert og signert, jf asl §5-2, andre ledd. Fullmakta kan og sendast elektronisk, men det føreset at avsendaren kan autentiserast.

I nokre høve treng den som møter i generalforsamlingar ein rådgjevar som kjenner detaljar knytt til selskapet. I administrasjonen i Hordaland fylkeskommune har alle selskap vi eig ein fagleg ansvarleg rådgjevar. Oversikten over kven som er ansvarlege for dei ulike selskapa er vedlagt. Aksjelova opnar for at aksjeeigarar kan ta med ein rådgjevar. Rådgjevaren kan få talerett.

Styreleiar og dagleg leiar skal møte når generalforsamlinga haldast som møte. Selskapets revisor og selskapets styremedlemer kan møte i generalforsamlinga. Alle, inkludert styremedlemer, kan uttale seg på generalforsamlinga, jf. asl § 5-4

### 10.1.1 Røysterett

Kvar aksje gjev ein røyst når ikkje vedtektene eller lova seier noko anna. Ver merksam på at vedtektene i selskapet kan gjeve avgrensingar i røysteretten. I dei fleste selskap Hordaland fylkeskommune eig er eigarstrukturen enkel, med få aksjonærar. Det er sjeldan vanskeleg å finne fram til rett voteringsoppsett i generalforsamlingane Hordaland fylkeskommune deltek i. I større selskap med mange eigarar og avgrensingar i røysteretten, kan dette vere komplisert.

Avgjerda om røysting takast i starten av generalforsamlinga.

## 10.2 INNKALLING TIL GENERALFORSAMLINGA

Det er styret som innkallar til generalforsamling (asl §5-9). Dette tyder at innkallinga må gå ut i styrets namn. Det må vere gjort eit styrevedtak om å innkalle til generalforsamling med tid og sted, og forslag til dagsorden. Den praktiske gjennomføringa av innkallinga gjerast ofte av administrasjonen i selskapet.

Generalforsamlinga må haldast innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår. Det vil seie at alle generalforsamlingar må haldast innan 30.juni kvart år, sidan rekneskapsåret avsluttast 31.12.

Generalforsamlinga skal innkallast med minst ei veker varsel med tid og sted. Med innkallinga skal årsrekneskapen, årsberetninga og revisjonsberetninga sendast til kvar aksjeeigar.

Generalforsamlinga må haldast i den kommunen kor selskapet har sitt forretningskontor, jf § 5-8. Vær merksam på at vedtektene kan bestemme noko anna.

Tingretten kan innkalle til generalforsamling dersom styret ikkje oppfyller si plikt til å innkalle generalforsamlinga.

Det er ingen andre som kan innkalle til generalforsamling. Ei innkalling frå til dømes selskapets største aksjonær er ikkje tilstrekkeleg til at eit møte av aksjonærar som kan reknast som generalforsamling, og deltakarane på eit slikt møte kan ikkje treffe avgjerder som generalforsamlinga har kompetanse til å gjere. (Bråthen 2012, s. 138)

§ 5-5 regulerer kva generalforsamlinga skal handsama.

Generalforsamlinga skal godkjenne årsrekneskapet og årsberetninga, og det kan delast ut utbytte når det er aktuelt. Det kan vere andre saker som skal handsamast av generalforsamlinga. Vedtektene i

selskapet seier ofte noko om fleire saker som skal på agendaen, som til dømes godtgjersler til styret, budsjett eller anna som angår den overordna leiinga av selskapet.

Innkallinga er grunnlaget for generalforsamlingas mynde i den enkelte sak. Saker som ikkje er meldt aksjonærane jamfør reglane kan som hovudregel ikkje handsamast av generalforsamlinga. Unnataket er når alle aksjonærane samtykker i å gå utanom dagsorden. Det vil seie at i praksis, kan innkallingsreglane stort sett fråvikast så lenge alle aksjonærane er einige.

Aksjonærane har ein ubetinga rett til å få handsama saker på generalforsamlinga så lenge saken meldast skriftleg i god nok tid til at den kan takast med i innkallinga. (asl § 5-11)

**§ 5-11. Aksjeeiernes rett til å få saker behandlet på generalforsamlingen**

*En aksjeeier har rett til å få behandlet spørsmål på generalforsamlingen. Spørsmålet skal meldes skriftlig til styret innen syv dager før fristen for innkalling til generalforsamling sammen med et forslag til beslutning eller en begrunnelse for at spørsmålet settes på dagsordenen. Har innkallingen allerede funnet sted, skal det foretas en ny innkalling dersom fristen for innkalling til generalforsamling ikke er ute. En aksjeeier har også rett til å fremsette forslag til beslutning.*

### 10.2.1 Aksjonærernes rett på informasjon i generalforsamlinga.

Dei sakene som handsamast på generalforsamlinga gjev aksjonærane ei rekkje opplysningar om selskapet.

Kvar enkelt aksjonær rett til å krevje at informasjon blir framlagt på generalforsamlinga. Generalforsamlinga kan òg, med vanleg fleirtalsvedtak, bestemme at opplysningar skal leggjast fram.

Dersom det kjem eit krav om opplysningar frå aksjonærane eller generalforsamlinga, pliktar styret og dagleg leiar å leggje fram visse opplysningar.

Opplysningsplikta gjeld saker som kan innverke på generalforsamlingas vurdering av godkjenninga av årsrekneskapan og årsberetninga, saker som er lagt føre aksjonærane til avgjerd, selskapets økonomiske stilling – herunder om verksemda i andre selskap som selskapet deltek i og andre saker som generalforsamlinga skal handsame. (Bråthen 2012, s. 142)

## 11 Vedtekter for selskapa

Aksjelovane krev at opplysningar om visse vesentlege sider ved selskapet skal takast inn i selskapets vedtekter.

For AS er minimumskrava til vedtektenes innhald avgrensa til føresegner av meir varig karakter.

Obligatoriske emner i vedtekene for et AS er:

- Selskapets føretaksnamn
- Kommunen kor selskapet skal ha sitt forretningskontor.
- Kva selskapet skal kunne drive med («selskapet verksemd»).
- Aksjekapitalens storleik
- Aksjanes pålydande (nominelle beløp)

I tillegg skal vedtekter i selskap fylkeskommunen eig ha følgjande:

- Styre
- Generalforsamling
- Signaturrett
- Oppløysing (anvendelse av selskapets formue når selskapet oppløysast)

# 12 Registreringsplikt

## 12.1 EININGSREGISTERET

Enhetsregisteret er oppretta for at næringslivet skal slippe å forhalde seg til mange forskjellige register.

Ein føresetnad for at det skal vere registreringsplikt i Einingsregisteret, er at det ligg føre ein plikt til å vere registrert i eit tilknytta register.

### **Enhetsregisteret**

*I Enhetsregisteret finner du alle som er registrert for momspliktig virksomhet, har registrerte ansatte eller er med i Foretaksregisteret. Dessuten finner du mange næringsdrivende enkeltpersonforetak, foreninger og andre økonomiske enheter uten registreringsplikt, som har valgt å bli med i Enhetsregisteret på frivillig grunnlag. Registeret inneholder også alle enheter som er registrert i fylkesmennes stiftelsesregistre og skattemanntallet for etterskuddspliktige.*

*Enhetsregisteret tar vare på nøkkelopplysninger om enhetene på vegne av mange andre offentlige registre. Dermed slipper den enkelte bedriften å melde fra om ny adresse og andre endringer til hver enkelt myndighet. Alle i Enhetsregisteret har hvert sitt organisasjonsnummer, som blir stadig viktigere i kommunikasjon bedriftene imellom, og mellom myndighetene og den enkelte næringsdrivende.*

*Kjelde: Brønnøysundregistrene -*

[www.brreg.no](http://www.brreg.no)

### **Dei tilknytta registra:**

- Føretaksregisteret
- Arbeidsgjeverregisteret
- Stiftingsregisteret
- Meirverdiavgiftsmanntalet
- Statistisk sentralbyrås bedriftsregister
- Skattedirektoratets register for etterskotspliktige skatteytarar
- Konkursregisteret

Einingsregisterlova regulerer kven som skal registrere seg i kva for register og kva for opplysningar som skal registrerast.

Hordaland fylkeskommune forventar at alle selskap vi eig er korrekt registrert i dei register som lova seier og at opplysningane til ein kvar tid er oppdaterte.

## 12.2 STYREVERVREGISTERET

KS tilrår at alle folkevalde og offentleg tilsette med styreverv registrerer verva sine i det nasjonale styrevervregisteret.

### **12.2.1 Tiltråding 17:**

#### **12.2.2 Registrering av styreverv**

Alle som tek på seg verv for (fylkes-)kommunale selskap bør registrere verva på [www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no)

Det til blir tilrådd at fylkeskommunen registrerer alle verva for allment innsyn. Fylkestinget er som folkevald organ avhengig av allmentas tillit når det gjeld forvaltning og styring. Openheit rundt kva andre rollar lokalpolitikarar har i samfunnslivet er viktig for å unngå mistanke om rolleblanding. Registrering i kommunesektorens eige styrevervregister vil i seg sjølv skape auka medvit om dei ulike rollane ein lokalpolitikar har og vil vere til nytte ved vurdering av representantanes habilitet. Det finst og andre aktuelle register for slik registrering.



Det er viktig med openheit om kva for rollar enkeltpersonar i kommunane, fylkeskommunane eller kommunale selskap har, for å styrke kommunesektorens omdømme.

Fylkestinget eller eit selskap er tilslutta styrevervregisteret innhentar registreret automatisk opplysningar frå Kommuneregisteret, Einingsregisteret og Føretaksregisteret i Brønnøysund. I tillegg kan personar sjølv legge inn relevant informasjon om andre rollar og interesser.

Hordaland fylkeskommune har slutta seg til styrevervregisteret. Alle med verv som folkevald i Hordaland fylkeskommune er registrert i kommuneregistert, og dermed kjem alle verv i politiske organ inn i styrevervregisteret. Ikkje alle selskap vi eig er tilslutta registeret. Vi oppmodar alle våre selskap å slutta seg til og registrere sine styremedlem i registeret.

## 13 Fylkesadministrasjonens oppgåver i eigarskapsforvaltninga

I samband med handsaminga av eigarskapsmelding i 2013 12.6.2013 vedtok fylkestinget korleis dei administrative prosedyrane skal sikre at eigarskapsforvaltninga i HFK blir utført tilfredsstillande i høve lovverk, samfunnsmessige omsyn og retningslinjer

Fylkesrådmannen har fleire roller i forvaltninga av fylkeskommunen sitt eigarskap i aksjeselskap og andre samanslutningar, men har ingen formell rolle. Fylkesrådmannen er skal leggje til rette for utøvinga av eigarstyring.

### 13.1.1 Fylkesrådmannens forhold til selskapa:

- Fylkesrådmannen har ikkje ansvar for eller innflytelse over selskapa fylkeskommunen eig, og har dermed ingen moglegheit til å gripe inn.
- Fylkesrådmannen kan på eige initiativ ta opp saker med fylkesutvalet som eigarorgan
- Fylkesrådmannen må stå ansvarleg for risikovurderingar før eit selskap kan skipas.
- Fylkesrådmannens vurderingar skal til politisk behandling.
- Fylkesrådmannen er ansvarleg for å førebu eigarsaker som skal til politisk behandling, jf. kommunelova § 23 nr 2.
- Fylkesrådmannen har ansvar for ein årleg gjennomgang av alle selskap ovanfor fylkestinget (eigarskapsmelding)
- Fylkesrådmannen er ansvarleg for å oppdatere eigarskapsmeldinga og informasjonen om selskapa.
- Fylkesrådmannen ansvar for å foreslå overordna eigarskapsstrategi gjennom framlegging av eigarskapsmelding og framlegging av enkeltsaker knytt til dei enkelte selskapa.
- Fylkesrådmannen skal bidra til at fylkeskommunens retningslinjer, rutinar og køyrereglar for eigarforvaltninga blir følgd.
- Fylkesrådmannen er ansvarleg for at det blir gjennomført opplæring for styremedlemer oppnemnd av fylkestinget.

Når det gjeld forvaltninga av fylkeskommunens etablerte eigarskap, er fylkesrådmannen primært sekretær for fylkeskommunen sine eigarrepresentantar. Dette inneber at fylkesrådmannen vert involvert etter behov i førebuing- og oppfølgingsarbeidet knytt til generalforsamlingar og andre eigarskapsmøte.

I tillegg inneber denne rolla å følgje med og halde seg oppdatert om fylkeskommunens eigarskap; dersom det oppstår vanskelege enkeltsaker eller særskilte utfordringar er det naturleg at fylkesrådmannen forsikrar seg om at fylkeskommunen sine eigarrepresentantar er merksam på eventuelle situasjonar.

Vidare har fylkesrådmannen ei rolle i å leggje til rette for val av styrerepresentantar, opplæring av folkevalde og anna praktisk tilrettelegging.

Endeleg er fylkesrådmannen eit viktig kontaktpunkt for styremedlem som har trong til informasjon av ymse art, frå overordna informasjon knytt til Hordaland fylkeskommunes eigarskapsstrategi og – forvaltning, til detaljspørsmål knytt til enkeltsaker.

I praksis er fylkesrådmannens ansvar delegert nedover i administrasjonen, og ulike avdelingar har ansvar for ulike oppgåver innanfor dette området. Regionalavdelinga/næringsseksjonen har det overordna ansvaret for eigarskapsforvaltninga, medan sjølve utøvinga er fordelt på dei ulike fylkeskommunale avdelingane ut frå selskapas føremål. Det er definert ei ansvars- og oppgåvefordeling mellom dei ulike avdelingane og det er etablert eit samarbeidsforum for koordinering og informasjonsutveksling.

Fylkesrådmannen syner til prinsippet om ein differensiert eigarskapsstrategi og ein ressursbruk som er tilpassa fylkeskommunens faktiske eigarinteresser. På denne bakgrunn ser fylkesrådmannen ikkje behov for omfattande ressursbruk i administrasjonen. Det er likevel slik at det er ein føremon at dei prosedyrar og rutinar som gjeld, er kjent og føreseielege for relevante partar.

## 13.2 EIGARSKAPSFORUM

Frå 2016 er det oppretta eit forum for eigarskapsforvaltninga i Hordaland fylkeskommune. Forumet møtast 2-3 gonger per år, og er sett saman av dei ansvarlege i dei ulike avdelingane i fylkeskommunen. Forumet sørgjer for auka samhandling og kvalitetssikring når det gjeld eigarskapsforvaltninga.

Eigarskapsforumet er satt saman slik:

Ansvarsområde	Namn	Avdeling	Tittel
Leiar for forumet	Beate Bergsholm	Regionalavdelinga	Spesialrådgjevar
Selskap knytt til kultursektoren	Ronny Skaar	Kultur og idrettsavdelinga	Utviklingssjef kunst- og kulturformidling
Selskap knytt til kultursektoren	David Aasen Sandved	Kultur og idrettsavdelinga	Fylkeskonservator
Biblioteksentralen	Ruth Ørnholt	Kultur og idrettsavdelinga	Fylkesbiblioteksjef
Selskap knytt til samferdselssektoren	Bjørn Inge Midtgård	Samferdselsavdelinga	Seniorrådgjevar
	Kari Patricia Kleppe	Regionalavdelinga	Spesialrådgjevar
Atheno	Arthur K- Arnesen	Regionalavdelinga	Seniorrådgjevar
Arbeidsmarknadsbedriftene	Hans Inge Gloppen	Regionalavdelinga	Spesialrådgjevar
Selskap knytt til klimasektoren	Tale Halsør	Regionalavdelinga	Rådgjevar
Selskap knytt til egedomssektoren	Guro Klyve	Eigedomsavdelinga	Leiar forvaltning og stab
Selskap knytt til opplæringssektoren	Birthe Andersen Haugen	Opplæringsavdelinga	Seksjonsleiar
Selskap knytt til økonomiseksjonen	Pål André Kleive	Økonomi- og organsiasjonsavdelinga	Spesialrådgjevar

Kvart medlem av forumet har ansvar for selskapa som tabellen syner. Kva for oppgåver som høyrer til dei ulike ansvarsområda omtalast i det vidare.

## 13.3 REGIONAL AVDELINGA – NÆRINGSSEKSJONEN

Frå og med 1. november 2015 overtek regional avdelinga v/ næringsseksjonen det overordna ansvaret for å følgje opp HFKs eigarskapsportefølje. I det følgjande vil vi gjere rede for kva dette inneber i praksis og kva for rutinar som skal gjelde for dei oppgåvene fylkestinget har vedteke skal gjennomførast i administrasjonen.

- Syte for å ha samla, oppdatert nøkkelinformasjon om alle selskapa HFK har eigarinteresser i.

- Koordinere arbeid med å fremje sak om eigarskapsmelding til fylkestinget kvart fjerde år, samt årlege meldingar.
- Handtere løpande saker knytt til det fylkeskommunale eigarskapet
- Samle relevant nøkkelinformasjon om enkeltsselskap. Informasjonen skal førast på selskapets journalnummer i sak/arkivsystemet. Desse journalnumra finst i eget oversyn.
  - o Faktaark om selskapet (kontaktinformasjon, oversyn over aksjekapital, eigarar, føremål, styre, nøkkeltal frå siste rekneskapsår samt referanse til ytterlegare dokumentasjon i sak/arkivsystemet)
  - o Siste årsmelding og rekneskap
  - o Stiftingsdokument og vedtekter
  - o Eventuelle kunngjeringar frå Brønnøysundregisteret
  - o Anna relevant informasjon som til dømes innkalling og protokoll frå siste generalforsamling.
- Legge til rette for deltaking frå eigar i generalforsamling/eigarmøte. Sørgje for rutine for at innkalling til generalforsamling/eigarmøte blir handtert.
- Vidareformidle relevant informasjon frå selskapa, mellom anna innkalling til og protokoll frå generalforsamling, til kontaktperson i fagavdelingane.
- Sørgje for at referat/protokoll frå generalforsamling vert lagt ved som referatsak til fylkesutvalet.
- Administrativt kontaktpunkt i høve dei ulike selskapa, og som vidareformidlar førespurnader av fagleg karakter til dei relevante avdelingane.
- Tek rutinemessig kontakt med selskapa for å be om at innkallinga til generalforsamling vert oversendt til fylkeskommunen så tidleg som mogleg. Dette er viktig fordi fylkesordførar eller fylkesvaraordførar i utgangspunktet skal representere eigar. For at slik representasjon skal vere mogleg, er det avgjerande at innkallingar kjem i god tid før generalforsamling skal haldast. Manglande respons frå nokre selskap skapar i ein del tilfelle praktiske problem for fylkeskommunen med omsyn til eigarrepresentasjon på generalforsamlingane.

## 13.4 SELSKAPSKONTROLLAR OG FORVALTINGSREVISJONAR

Oppfølging av selskapskontrollar og forvaltingsrevisjonar som gjeld selskap fylkeskommunen eig følgjast opp av ansvarleg fagavdeling og regionalavdelinga i samarbeid.

## 13.5 STATUS FOR OPPFØLGING AV SELSKAPSKONTROLLAR OG FORVALTNINGSREVISJONAR

Tilsyn og kontroll ligg til kontrollutvalet og tiltaka vert handsama i fylkestinget.

Selskapskontrollar har vore gjennomført i ei rekkje selskap og det er vedteke fem selskapskontrollar i inneverande valperiode.

### 13.5.1 Selskapskontroll av arkiv-og journalføringsplikt i selskap fylkeskommunen eig.

Fylkestinget gjorde i desember 2016 følgjande vedtak:

På bakgrunn av selskapskontroll av «arkiv og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

1. Utforme retningslinjer for arkiv og offentlighet i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikra innsyn i selskapa og for å sikra at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.
2. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring.
3. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksetjinga.

Dette vedtaket følgjast no opp saman med oppfølging av dei selskapa som er omtala i rapporten og vedtaket.

### 13.6 ØKONOMI- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Handtere løpande saker knytt til det fylkeskommunale eigarskapet som har økonomiske konsekvensar, til dømes kjøp, sal, spørsmål om garantiar, aksjeutvidingar med vidare. Kontaktpunkt mot politisk nivå i saker av administrativ karakter, både i høve til eigarrepresentantar og styrerepresentantar  
Fungerer som sekretariat for den fylkeskommunale valnemnda.

### 13.7 FAGAVDELINGANE

I Hordaland fylkeskommune er det praksis for at fagavdelingane, som naturleg høyrer til den sektoren som dei enkelte selskap er plassert innanfor, har definerte oppgåver i eigarskapsforvaltninga:

- Fungerer som fagleg støtte for eigar (fylkesordførar/fylkesvaraordførar) i samband med gjennomføring av generalforsamling/eigarmøte
- Fungerer som «lyttepost» for eigar i samband med viktige saker/tema som måtte kome opp.
- Er informasjons- og kontaktpunkt for styrerepresentantar oppnemnd frå fylkeskommunen. Styrerepresentanten tar initiativ til eit årleg kontaktmøte med kontaktperson i fagavdelinga (jfr vedtak i fylkestinget 12.mars 2015)
- Bidrar med faglege innspel i samband med utarbeiding/revidering av eigarskapsmelding
- Skal ha ei oversikt over alle kontaktpersonar for alle selskapa innanfor sin sektor

Den viktigaste oppgåva for kontaktpersonane i fagavdelingane er å ivareta fylkesrådmannen si rolle som eigarrepresentantane sin faglege støtte i generalforsamling og andre eigarskapsmøte. For å kunne ivareta denne rolla, er det viktig at kontaktpersonane er oppdatert på nøkkelinformasjon om selskapet samt eventuelle viktige enkeltsaker. Også i denne rolla bør prinsippet om differensiert eigarskapsstrategi vere førande for ressursbruken til den enkelte kontaktperson.

Oppgåve med å bidra med informasjon til styrerepresentantar oppnemnd frå fylkeskommunen er av ei anna art. Kontaktpersonane skal her berre bidra med praktisk informasjon, til dømes om fylkeskommunens forvaltning, selskapshistorikk eller liknande. Det er viktig at kontaktpersonane viser god rolleforsåing – det er ikkje riktig at kontaktpersonane diskuterer potensielt viktige saker eller prinsipielle spørsmål med enkelte styrerepresentantar. Det er sjølvsagt ikkje intensjonen at kontaktpersonen skal formidle eigars synspunkt gjennom denne kommunikasjonen.

Den normale kommunikasjonen mellom selskap og eigar vil vere at styreleiar i viktige saker tek direkte kontakt med fylkesrådmannen (som sekretær for eigarrepresentantane) for å diskutere strategisk tilnærming. Dette gjeld primært der fylkeskommunen er eineeigar eller har ein stor eigardel i selskapet. I dei selskapa der fylkeskommunen har mindre eigardelar, vil kommunikasjonen frå selskapet normalt gå gjennom generalforsamling eller formelle eigarmøte.

I revidering av eigarskapsmelding vil det vere naturleg at dei ulike kontaktpersonane vert trekt inn, særskilt som kvalitetssikrarar av dei selskaps spesifikke omtalene.

## 14 Tilsyn og kontroll

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap 6 Selskapskontroll gjev retningsliner for kontrollutvalets ansvar knytt til fylkeskommunens eigarinteresser.

Kontrollutvalet skal på vegner av fylkestinget sjå til at det førast kontroll med fylkeskommunens eigarinteresser i selskap. Selskapskontroll kan omfatte eigarskapskontroll (kontroll av om utøvinga av eigarinteresser skjer i samsvar med fylkestingets vedtak og føresetnader.) og/eller forvaltningsrevisjon av selskapet.

Kommunelovens §80 gjev kontrollutvalet ein vidtrekkande rett til opplysningar om og innsyn i selskap fylkeskommunen eig aleine eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar. Den same innsynsretten gjel ikkje i selskap som har private eigarar, i slike selskap må innsynsrett eventuelt sikrast gjennom vedtekter/avtale/eigarstrategi.

Kontrollutvalet skal minst ein gong per valperiode utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Fylkestinget skal vedta planen, men kan delegerere til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Fylkestinget vedtok i sak

## 15 KS sine 21 tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll

### Tilråding 1:

#### 15.1 OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL DEI FOLKEVALDE

*Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.*

